



**Notat**

Dato: 30.10.2018  
Arkivsak: 2018/16092-1  
Saksbehandlar: tonsols

---

Til: Fylkesutvalet

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

## **Referat frå møte 14.09.18 med Innovasjon Noreg Vestland og Fylkesordførarar i Hordaland og Sogn og Fjordane**

**Møtestad:** Fylkesutvalssalen, 14.09.2018 Kl. 13.00 – 15.00

Tilstades frå Innovasjon Noreg: Anita Krohn Traaseth, Per Niederbach, Knut Senneseth, Inger Solberg, Nina Broch Mathisen

Tilstades frå Sogn og Fjordane fylkeskommune: Jenny Følling, Jan Heggheim

Tilstades frå Hordaland fylkeskommune: Anne Gine Hestetun, Mette Nora Sætre, Inge Døskeland, Tonje Marie Solsvik

**Referent:** Tonje Marie Solsvik

Toppleiinga i Innovasjon Noreg har i år hatt ein møterekke der de besøker kvart fylke i Noreg. I samband med samanslåinga ble det difor heldt eit møte med Innovasjon Noreg Vestland, Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

**Agenda:**

**1/18 Status region Vestland - presentasjon ved fylkesordførar i Hordaland Anne Gine Hestetun**

Anne Gine Hestetun fokuserte på at arbeidet med etablering av Vestland fylkeskommune er i rute og at samarbeid med Innovasjon Noreg og andre verkemiddelaktørar er sentralt for å lukkas. For å vidareføre dei gode satsingane må vi snarare få auke enn reduksjon i dei statlege overføringane.

**2/18 Forventningar til samarbeid i Vestland ved fylkesordfører i Sogn og Fjordane Jenny Følling (5 min)**

Jenny Følling poengterte Innovasjon Noreg sin rolle som viktigaste organ for næringsliv overfor fylket og kommunane og at ein bør bruke Innovasjon Noreg til å styrke kommunal sektor, samt få eit større eigarskap. Samhandling med Innovasjon Noreg krevjar at ein kjennar kvarandre og det vert derfor uheldig at dei regionale styra vart lagt ned då det vart ein viktig møteplass. I Sogn og fjordane er ein tett på næringslivet og eit viktig spørsmål no er korleis ein får ut næringspotensialet i det nye fylket. Det handlar om verkemiddelbruk, kompetanse og nettverk.

**3/18 Status og samhandling i regionen, korte innlegg (5-10 min) ved Nina Broch Mathisen, Knut Senneseth, Mette Nora Sætre og Jan Heggheim**

**Nina Broch Mathisen:**

Havromsnæringane eksporterer 70% av produkta sine. Innovasjon Noreg har eit overordna mål om å "bli best på berekraftig banebrytande løysingar i havrommet" innan marin sektor, olje og gass, akvakultur og eksport. Bergen er blant anna klyngehovudstad innan havnæringerane og ny teknologi og det er på veg ein hydrogenklynge frå Sogn og fjordane. Det gode arbeidet med entreprenørskapssatsinga vil de fortsette med i det nye fylket. Med innovasjonspartnarskap skal Innovasjon Noreg gjere det betre og tryggare for kommunen å samhandle med næringslivet på. Det er p.t ni innovasjonspartnarskap i Noreg, der to av dei er i regionen Vestland og ein arbeidar med å få fleire. Påpekar at pengar og kompetanse er ein viktig kombinasjon for å lukkast.

**Knut Senneseth:**

Sogn og Fjordane har ein litt anna utvikling enn andre regionar, til dømes utanlandsinvesteringar, hovudkontor og næringar. I Sogn og Fjordane er blant anna industri viktig. Då Vestlandet er ein tung klyngeregion blir eit viktig spørsmål korleis verksemder i Hordaland og Sogn og Fjordane kan involvere seg i tunge næringar andre stedar i landet, samt arbeide på tvers av dei etablerte klyngene. Gjennom aktivt regional engasjement og måten ein arbeidar på innafor reiseliv og landbruk, har dette ført til relativt betre resultat innanfor andre næringar. Når ein skal utvikle samfunnsutviklarrolla bør ein setje krav til korleis effekt skal målast og sjå på ringverkingar. Statistikken visar at Innovasjon Noreg spiller ein viktig rolle innanfor addisjonalitet, overleving, konkurranseskyrte og lønsemd.

**Mette Nora Sætre:**

Innanfor næringsutvikling er Innovasjon Noreg Vestland Hordaland fylkeskommune sin viktigaste samarbeidspartner. Det er eit godt økonomisk samarbeid, men ein betydelig reduksjon i midlar frå fylkeskommunen til Innovasjon Noreg. Fylkeskommunen har partnarskapsmidlar med fleire aktørar i næringslivet, til dømes NCE- og GCE'ene. Invest in Bergen samhandlar òg med Invest in Norway. Det er inspirerande for fylkeskommunen at Innovasjon Noreg allereie har slått seg saman til å bli Innovasjon Noreg Vestland. Dei oppmuntra blant anna til at Hordaland og Sogn og Fjordane skulle ha felles stand på Oljemessa i Stavanger. Det er viktig å være tilstades i dei formelle og uformelle foruma. Det er viktig å saman gjøre det strategiske arbeidet for å lage eit rammeverk for Vestland fylkeskommune. Det utløysande er pengar og flinke hovud med eit opent sinn som drar ein framover.

**Jan Heggheim:**

Bra det er meir rom for å diskutere regional utvikling med IN. Innovasjon Noreg er den viktigaste partnaren fylkeskommunen har på bedriftsretta verkemiddel og fylkeskommunen prioritera Innovasjon Noreg høgt. Har hatt høg sysselsettingsgrad dei siste 3-4 årane. Flest i bygg og anlegg og relativt lite i offentleg sektor. Færre etableringar, men god vekst i dei eksisterande. Vidare er levetida for verksemndene lengre. Folkeinnvandring og arbeidsinnvandring går ned samstundes som dei fleste verksemndene peika på behov for kompetent arbeidskraft. Viktig å bygge ein arena der samspelet mellom Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommune kan skje. Ynskjer med ein felles rapporteringsmal slik at det blir mest mogleg likt og slik at ein kan fortsette med samhandlingsprosessen.

**4/18 Status og forventningar sett frå Innovasjon Noreg sentralt ved Anita Krohn Traaseth**

Næringsutvikling er sentralt i dei nye fylkeskommunane. Det regionale innovasjonssystemet må sjåast på med litt andre auge. Ein må ha ein felles visjon og strategi i tillegg til at ein må frigjere seg frå det lokale perspektivet og heller sjå heilskapleg. "Katalysatorpengar" er viktig, og dei små pengane samt det litle tiltaket som ikkje fangast opp, er svært viktig å passe på. Det må være nokon som mobilisere folk i høve kor ein vil og kva ein ynskjer å skape. Det er forventningar knytt til samhandling i Vestland gjennom blant anna møteplassar og tid til å bli kjent på tvers. Innovasjon Noreg er til for å arbeide med norsk industri og næringsliv.

Innovasjon Noreg og regionreforma: Noko må være regionalt og noko må være nasjonalt. Noko bør også bare ligge regionalt pga. ressursar. Det er og store skilnadar på evne og mobilisering på verksemder og

gründerar. På eit regionalt nivå bør ein ikkje splitte opp låneporteføljen, då det blir ineffektivt om ein delar ut den potten. Dette innfattar EØS reglar.

Innovasjon Noreg sitt internasjonale oppdrag: Blir viktigare å måle seg i den internasjonale marknaden. Ein må utnytte dei internasjonale oppdragande og kontorane som er ute mykje betre.

### **5/18 Open diskusjon**

- Regional kompetanse – olje og gass. Godt eksempel der ein setter inn ressursar der ein treng utvikling.
- Oppdrettsnæringen er eit anna eksempel der Innovasjon Noreg er sentral. Denne næringa treng nokon «å snakke med» og treng kanskje å få litt hjelp frå fylka.
- Å være tilstades er utrøleg viktig. Rådgjevinga ut mot verksemndene er heilt avgjerande.
- Innovasjon Noreg skal være tilstades lokalt, og dei er komet for å bli.
- I høve det å være tilstades lokalt så er mange av tenestene til Innovasjon Noreg veldig spesialisert, noko som gjer at ein ikkje kan sentralisere alt.
- Ein må sjå på korleis ein kan frigjere tid og kapasitet når det kjem til sakshandsaming.
- Ein større organisering (slå saman kontor) fører til fleire ekspertar og meir fleksibilitet når det kjem til rådgjeving.
- Ein treng nettverka som gjer at ein får kopla inn den riktige kompetansen. Innan landbruk er det litt for mange folk i Innovasjon Noreg som handterer landbruksakar.
- Næringslivet skal få hjelp og ein skal ha nokon å kontakte og nå fram til. Ein må og ha spisskompetanse og få ting til å fungere internt.
- Gründeren er ikkje alltid så god på formell kompetanse, så dei treng personane rundt om i kommunane, Innovasjon Noreg og fylket, som kan hjelpe dei med å kome opp og fram.
- I det nye fylket må vi bli sterkare på internasjonalisering. Det må vi jobbe saman for i samhandling med Innovasjon Noreg.
- Innovasjon Noreg synes fylkeskommunen er blitt betre, men har framleis ein veg å gå. Vi må koordinere oss og samhandle betre og bli ein betre eigar.

### **6/18 Oppsummering ved Anne Gine Hestetun**

- Stor tru på verdien av å bli kjent med kvarandre og dele på tvers.
- Står overfor ein regionreform der ekspertutvalet har lagt fram ein innstilling med nye oppgåver til fylkeskommunen. Resultatet vil legge viktige føringar for framtida.
- Kva form for samhandling og korleis dra ut synergiar slik at ein brukar kompetansen rett?
- Vi restrukturerer for ein ny tid og nye arbeidsprosesser. Vi må arbeide med førstelinetenesta og andrelinetenesta, «Rom var ikkje bygd på ein dag».
- Vestland er kome for å bli!

